



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

STORE ROVDYR - ROVVILTSKADE PÅ BUFE

Registrering av jerv, bjørn, gaupe og ulv og skade som freda rovvilt gjer på bufe i Møre og Romsdal; 1987-89



MILJØVERNAVDELINGA

Fylkeshusa Tlf. (072) 58 000
6400 MOLDE

Rapport nr. 7 - 1990
ISBN 82-7430-030-0

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
MILJØVERNDELINGA

STORE ROVDYR
ROVVILTSKADE PÅ BUFE

Registrering av jerv, bjørn, gaupe og ulv
og skade som freda rovvilt gjer på
bufe i Møre og Romsdal; 1987-89

av

Ulf Lucasen

og

Bjørn Petter Løfall

RAPPORT NR. 7 1990

ISBN 82-7430-030-0

FORORD

Frå og med 1987 blei ansvaret for roviltregistrering og skadedokumentasjon av store rovdyr overført frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene.

I denne rapporten er resultatene frå registreringane for 1987-89 i Møre og Romsdal presentert.

Viltforvaltarane Asbjørn Børset og Ulf Lucassen har hatt ansvaret for registreringane og den vedvarande kontakten med viltneemdene, dei lokale rovdyrkontaktane, bufeeigarane og grunneigarane.

Feltarbeidet er i hovudsak utført av personell hos fylkesmannen sin miljøvernavdeling og seinare noko av det lokale nettet med rovdyrkontakatar. Frå mai 1989 har koordinator Ole Ketil Bøkseth og seinare Johnny Loen for Dovre-/Rondane jervregionen hatt ansvaret for jerve-registreringar i fem kommunar i Møre og Romsdal. Vi vil takke for samarbeidet med dei to andre fylka.


Asbjørn Børset, Ulf Lucassen, Anne Marit Strøm, Alv Ottar Folkestad og Bjørn Petter Løfall har i samarbeid gått igjennom meldingane og utført dei fleste kadaverundersøkingane. Sistnemnde har skrive rapporten.


Bilete av jerven på framsida er henta frå Viltrapport nr. 32.

Til slutt vil vi takke alle som har gitt opplysningar til nytte i registreringsarbeidet, med ein spesiell takk til rovdyrkontaktane for feltarbeid. Takk til forskar Ole Jacob Sørensen ved Norsk institutt for naturforskning for laboratorieanalyser av hårprøver og forelesingar på roviltkurs. Takk til fylkesagronom Asbjørn Løfaldli ved fylkeslandbrukskontoret i Møre og Romsdal for datamateriale frå sauehaldet i fylket.

Molde, juni 1990

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga


Kolbjørn Megård
fylkesmiljøvernsjef


Ulf Lucassen
viltforvaltar

I N N H O L D S F O R T E G N E L S E

Seksjon	Side
SAMANDRAG	3
1. INNLEIING	4
2. METODAR OG MATERIALE	5
2.1 Rovdyrkurs og kontaktnett for rovdyrregistreringar	5
2.2 Særskilt forvaltingsområde for jerv	5
2.3 Feltarbeid	7
2.4 Vurdering og EDB-registrering av materiale	7
2.5 Rapportering	8
2.6 Materiale	8
3. RESULTAT OG DISKUSJON	10
3.1 Jerv i Møre og Romsdal	10
3.1.1 Registrert aktivitet av jerv	10
3.1.2 Vurdering av jervebestanden	14
3.2 Bjørn i Møre og Romsdal	15
3.2.1 Registrerte bjørnemeldingar	15
3.2.2 Vurdering av bjørnebestanden	17
3.3 Gaupe i Møre og Romsdal	18
3.3.1 Registrert aktivitet av gaupe	18
3.3.2 Vurdering av gaupebestanden	18
3.4 Ulv i Møre og Romsdal	23
3.5 Generelt om bestandane av jerv, bjørn, gaupe og ulv	23
3.6 Generelt om rovviltmeldingar	25
3.7 Tap av bufe på beite i Møre og Romsdal	25
3.8 Kadaverundersøkingar	29
3.8.1 Drepe- og etemønster hos kongeørn	32
3.8.2 Drepe- og etemønster hos jerv	33
3.8.3 Drepe- og etemønster hos gaupe	33
3.8.4 Drepe- og etemønster hos raudrev	33
3.8.5 Sjukdom og avmagring	34
4. LITTERATUR	36

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
5. VEDLEGG	38
5.1 Jervemeldingar 1987 - 89	38
5.2 Bjørnemeldingar 1987 - 89	40
5.3 Gaupemeldingar 1987 - 89	41
5.4 Tap av sau og lam på beite 1987	43
5.5 Tap av sau og lam på beite 1988	44
5.6 Tap av sau og lam på beite 1989	45
5.7 Resultat frå kadaverundersøkingane 1987	46
5.8 Resultat frå kadaverundersøkingane 1988	47
5.9 Resultat frå kadaverundersøkingane 1989	48
5.10 Rovvilterstatningar 1987	49
5.11 Rovvilterstatningar 1988	49
5.12 Rovvilterstatningar 1989	50
5.13 Kontaktpersonar i rovviltarbeidet	51
5.14 Skjema: melding om observasjon av rovdyr 19__	52
5.15 Skjema: undersøking av kadaver av pattedyr 19__	54

SAMANDRAG

I 1987 blei ansvaret for rovdyrregistreringane i Møre og Romsdal overført frå Direktoratet for naturforvaltning til miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen. Hovudmålet med registreringsarbeidet er å skaffe oversikt over aktiviteten av dei store rovdyra i Møre og Romsdal, og eventuelt vurdere bestanden av dei.

I 1989 blei det skipa eit eige forvaltingsområde for jerv i Dovre/Rondane-regionen som eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmennene i Oppland, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. Dette skal gje ei einsarta og meir korrekt konflikthandsaming mellom jerv og bufe/tamrein.

Det er arrangert eit rovdyrkurs i regi av fylkesmannen sin miljøvern-avdeling kor representantar for viltneemdene og andre aktuelle /interesserte kontaktpersoner deltok.

På bakgrunn av kurset er det organisert eit kontaktnett for rovdyr-registreringar i 20 av 38 kommunar.

Det er samla inn 60 meldingar om jerv, 29 meldingar om bjørn og 20 meldingar om gaupe i Møre og Romsdal 1987-89.

Norsk institutt for naturforskning gjennomførte sporingar vinteren 1989 som konkluderte med at det blei funne spor av minimum 9 forskjellige jerv, med eit mogleg tal 12 forskjellige jerv som var eitt år eller eldre i Snøhetta. Det blei sannsynleg produsert 6 ungar i 3 ulike hi. I omkringliggjande fjell blei det funne spor av 4 forskjellige individ som var eitt år eller eldre. Ein kan ikkje seie noko om endring i bestanden sidan undersøkingane starta i 1979.

Bestanden av gaupe blir vurdert til minimum 1-1 dyr i 1987, minimum 4-5 dyr i 1988 og minimum 2-3 dyr i 1989. Det er ikkje grunnlag for å seie noko om eventuell endring i bestand(ane) dei siste åra, då materiale er for tilfeldig og sannsynlegvis mangelfullt.

Bestanden av bjørn blir vurdert til minimum 0 dyr i 1987, minimum 0-1 dyr i 1988 og minimum 0 dyr i 1989. Det er ikkje grunnlag for å seie noko om eventuell endring i bestand dei siste åra. Det er ikkje noko som tyder på at Møre og Romsdal har fast(e) bestand(ar) eller del i ein fast bestand av bjørn.

Dei årlege bestandsvurderingar på gaupe og bjørn i Møre og Romsdal gir ikkje reelt bilete av bestand(ane) i fylket, men eit tal individ ein trygt meiner å kunne identifisere på grunnlag av innsamla informasjon om dei to artane. For å kome med reelle bestandsvurderingar må det gjennomførast grundige undersøkingar med m.a. sporingar.

Det har ikkje blitt meldt om ulv 1987-89. Ulven blei utrydda frå fylket tidleg på 1900-talet. Streifdyr kan forekomme, men svært sporadisk.

I alt er 76 kadaver, fordelt på 65 sau, 5 geit, 3 storfe, 1 rein og 2 rådyr undersøkt med omsyn til dødsårsak og eventuell skadevaldar 1987-89. Konklusjonane frå kadaverundersøkingane er følgjande: 23 jerv/sannsynleg jerv, 2 sannsynleg gaupe, 13 kongeørn/sannsynleg kongeørn, 5 sannsynleg raudrev, 2 hundedyr/sannsynleg hundedyr, 3 sjukdom/avmagring, 7 anna og 21 uopplara.

1. INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 1987 hatt ansvaret for kartlegging av store rovdyr i fylket. Målet med arbeidet er så langt som råd å få oversikt over aktivitet og eventuelt bestandane av dei store rovdyra her i fylket. Dei mest aktuelle er jerv, gaupe og delvis bjørn. Her kjem og undersøkingar og dokumentasjon av skadar på bufe og ein sjelden gong tamrein valda av rovvilt. Resultata frå registreringane vil bli eit viktig grunnlag for forvaltninga av dei store rovdyra i åra som kjem. I denne rapporten blir arbeidsmetodane og hovudresultata frå registreringane 1987-89 presenterte. Materialet på bjørn, jerv og gaupe er handsama og vurdert med omsyn til utbreiing og eventuelt bestand. Ulv blir presentert med ei kort historisk oversikt.

Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk/Direktoratet for naturforvaltning (seinare kalla DVF og DN), Viltforskninga, har arbeidd med å samle inn og systematisere rovdryrmeldingar frå heile landet sidan 1978. I 5-årsperioden 1980-1984 blei det gjennom rovviltprosjektet arbeid med metodeutvikling for å samle inn, vurdere og lagre opplysningar ved ulike rovdryrmeldingar. Ei samla framstilling av omfanget til rovviltprosjektet er presentert i Viltrapport 34 (Sørensen og Kvam 1984). Ei detaljert gjennomgåing av metodane ved registreringsarbeidet er presentert i Viltrapport 30 (Sørensen et al. 1984). Registreringsarbeidet til fylkesmannen blir gjort etter den metodikk som er utvikla av rovviltprosjektet, bortsett frå nokre justeringar.

Då ulv, jerv og bjørn blei freda i byrjinga av 70-talet var ikkje gaupa rekna å vere så sårbar som dei andre. Den er framleis jaktbar, og har hatt liten offentleg prioritet i høve til dei totalfreda artane bjørn, ulv og jerv. I medhald av viltlova av 1981 blei gaupa for første gong i Noreg "yngletidsfreda". Den nye lova førte til overføring av ansvar frå DN til fylkesmennene når det gjeld godkjenning av skotpremieordningar og forvaltingsansvar. Sidan gaupa er rekna for å vere sjeldan her i fylket, og at den er ein potensiell skadevaldar på bufe på beite, blir og gaupa sin status drøfta og vurdert i denne rapporten.

Kongeørn og havørn blei freda i 6. september 1968. Blandt dei finn vi kongeørna som ein potensiell skadevaldar på småfe. Kongeørna sin status som skadevaldar blir og drøfta i denne rapporten.

Frå mai 1989 blei det skipa eit forvaltingsorgan for jervestamma i Dovre/Rondane-regionen. Årsaka til samordninga er å ta vare på intensjonane i forslaget til landsplan (Direktoratet for naturforvaltning 1987) for store rovdyr. På den måten skal det bli enklare å sikre ei stammeorientert forvaltning av jerv og ei einsarta og meir effektiv konflikthandsaming mellom jerv og bufe/tamrein. Modellen med ei stammeorientert forvaltning av jerven i Dovre/Rondane-regionen vil og bli prøvd i 1990. Førebels har ein positive erfaringar med modellen, men prøvetid på knapt eitt år er for lite til å kome med endelege konklusjonar.

Det er og løyvd midlar til rovdryrregistrering i 1990. Resultata frå neste år vil bli samla inn og presentert i ein kort rapport.

2. METODAR OG MATERIALE

2.1 Rovdyrkurs og kontaktnett for rovdyrregistreringar

I mai 1989 blei det arrangert rovviltkurs for personar frå viltneemdene og andre aktuelle kontaktpersonar i rovviltarbeidet. Kurset blei arrangert av miljøvernavdelinga hos fylkesmannen i samarbeid med forskar Ole J. Sørensen frå Norsk institutt for naturforskning (seinare kalla NINA). Kurset tok for seg tema bestand og åtferd hos store rovdyr, tolking av spor og sporteikn, kadaverundersøkingar og andre dokumentasjonsteknikkar.

Det deltok 28 personar på rovviltkurset der 22 personar representerte 19 viltneemder av i alt 38 i fylket. I tillegg deltok det ein person frå Eikesdal Sauesankelag, ein frå Innerdal Landskapsvernområde og ein frå Fjelloppsynet i Trollheimen. På grunnlag av kurset har ein fått eit delvis kontaktnett for rovdyrregistreringar, sjølv om det hadde vore ønskeleg om alle viltneemder hadde vore representerte på kurset. Ideelt sett bør kontaktnettet bestå av to personar i kvar kommune, likevel fleire i dei større kommunane i innlandet. I dag er kystkommunane relativt sett dårlegast representerte. Sjølv om dei ikkje har dei same artane av rovvilt som kommunane i innlandet, er det viktig å ha personar her og som kan ta seg av dette arbeidet. Kongeørn, raudrev og kanskje gaupe kan og her vere potensielle skadevaldarar på bufe som sau og geit. Eit tilsvarande kurs vil bli arrangert ved seinare tilfelle for oppdatering og for å gje eit tilbod til dei som ikkje har hatt høve tidlegare.

2.2 Særskilt forvaltingsområde for jerv

I ei landsomfattande vurdering av moglege område for jerv er Dovre/Rondane-regionen peika ut som eit av dei områda i Noreg der det er mogleg å ha ein levedyktig stamme utan at konfliktane med bufe blir for store. Etter sporingar vinteren 1989 blei stammen vurdert til å vere på 19 - 22 dyr (Landa og Skogland 1989). Den er rekna som sårbar.


Frå mai 1989 har fylkesmennene i Sør-Trøndelag, Oppland og Møre og Romsdal engasjert ein felles koordinator til å administrere og samordne forvaltinga av jerven i Dovre/Rondane-regionen. Koordinatoren er knytta til fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Området er delt inn i 4 delområde med 2 i Møre og Romsdal. Det eine delområdet er sett saman av Rauma, Nesset og Sunndal kommunar. Det andre delområdet er sett saman av Surnadal og Rindal kommunar. Desse 5 kommunane omfattar omlag 40% av arealet i fylket (sjå figur 2.1)

Det er skipa eit nett av lokale kontaktpersonar som saman med koordinator, skal ta seg av meldingar om rovdyr i regionen. Kvar delområde har kvar sin hovudkontakt. Kvar hovudkontakt har fleire rovdyrkontaktar til disposisjon. I tillegg er formannen og sekretæren i viltneemdene med i kontaktnettet.

7046000
530000

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000



FIGUR 2.1
DOVRE/RONDANE
JERVEFORVALTINGSOMRÅDE

— Grense for delområde

6871 000
304 000

2.3 Feltarbeid

Vi har prioritert å følge opp flest moglege rovdyrmeldingar i felt dersom meldingane var relativt ferske og truverdige. Meldingar med mistanke om rovdyrskadar på bufe er prioriterte framfor andre meldingstypar. Kadaverrestar som har lege ute fleire dagar har på oppmoding blitt sendt til miljøvernavingdelinga då spor og sporsteikn kring kadaver mest truleg har blitt borte (vær og vind, åtselatarar o.a.).

Kadaverundersøkingane er gjort etter ein metode som er skildra i Viltrapport 15 (Myrberget og Sørensen red. 1981). Dette tyder at kadaver og området ikring blir undersøkt med omsyn til spor og sporsteikn etter eventuelle skadevaldarar. Så blir kadaver flådd slik at moglege bittskadar, klo- og kloemerker, slagmerker, etemerker og andre merke kjem til syne. Skadevaldande art kan ein då vurdere ut frå drapsteknikk, etemønster og sporsteikn i området.

Kadaverundersøkingar er gjort av personell ved miljøvernavingdelinga og rovviltkontaktar i Dovre/Rondane jerveforvaltingsområde. Etter rovviltkurset i mai 1989 har nokre rovviltkontaktar undersøkt nokre kadaver. Viltnemnder og rovviltkontaktar skal sende kadavermateriale, skildring av undersøkinga og eventuelt biletmateriale til miljøvernavingdelinga for kontroll dei første gongene, og seinare ved særskilte tilhøve. Skildring av undersøkinga med biletmateriale skal ved alle høve sendast til miljøvernavingdelinga.

NINA (tidlegare DVF/DN, Viltforskinga) har utført telling av jervebestand i Snøhetta og omkringliggjande fjell sidan 1979. Vurderingane av bestanden er gjort på grunnlag av sporingar med snøscooter og ski på førehand kartdefinerte løyper med måling av sporstorleik for å skilje individ, samt hiovervaking og andre observasjonar. Sporingar i heile utbreiingsområde innafor kort tidsrom blei gjort for første gong vinteren 1989. I tida 1. - 5. april 1989 blei det gjennomført koordinerte sporingar. Til saman blei det spora 700 km og registrert 30 kryssande jervespor i dei sentrale områda. Det blei spora 550 km og registrert 3 kryssande jervespor i dei omkringliggjande områda (Landa og Skogland 1989). Dei refererte områda ligg både i Oppland, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal.

2.4 Vurdering og EDB-registrering av materiale

Rovdyrmeldingane som kjem inn frå viltnemnder og anna hald, blir drøfta så fort som råd. Ofte tek ein kontakt med observatør(ar) for nærare opplysningar. Tryggleiken til meldingane blir kontrollert og vurdert etter ein metodikk som er skildra i Viltrapport 30 (Sørensen et al. 1984), bortsett frå nokre justeringar. Koordinatoren for jerveforvaltingsområdet tek for seg jervemeldingane og vurderer dei etter den same metodikken som er nemnd ovanfor. Fylkesmannen i Møre og Romsdal får så tilsendt materiale som gjeld fylket.

Rovdyrmeldingane blir ført over på eit dataskjema som svarar til den som blei bruka av viltforskinga. Så blir meldinga lagt inn på eit EDB-register ved miljøvernavingdelinga til fylkesmannen. Registeret er eit programsystem i ein FICS-5E og tilpassa bruk i Nord-maskinen ved

miljøvernavdelinga.

Materialet på bjørn blir eventuelt vurdert med omsyn til bestand og utbreiing etter den metodikk som er skildra i Viltrapport 31 (Kolstad et al. 1984). Bestanden av jerv blir presentert, og ein finn det mest korrekt å vurdere bestanden i heile jerveforvaltingsområde. Vi brukar difor konklusjonen som Landa og Skogland (1989) har kome fram til. Vurdering av bestand og utbreiing er elles drøfta i Viltrapport 32 (Kvam et al. 1984). Det er ikkje motteke ulvemeldingar dei seinare åra, men ein kort historikk for Møre og Romsdal blir presentert. Utbreiing og bestand av ulv blir elles drøfta i Viltrapport 33 (Sørensen et al. 1986). Meldingar om gaupe blir samla inn og vurdert etter nær den same metodikken som er skildra for dei andre store rovpattedyra.

Unntaket er at sannsynleg melding kan bli bruka som vurdering for alle artane. Tidlegare blei dette berre bruka for ulv. Sannsynlege meldingar er meldingar som har fleire indisiar som peikar i retning av meldinga er riktig. Meldingane hadde truleg blitt godtekne ved betre dokumentasjon (t.d. foto). Ei sannsynleg melding av eitt individ blir vurdert som 0-1 individ, medan uoppklara meldingar ikkje blir med i bestandsvurderingane. Innføring av konklusjonen sannsynleg gjer at rovviltmeldingar og kadavermeldingar blir vurderte etter same system.

2.5 Rapportering

Resultata frå rovdyrregistreringane i Møre og Romsdal vil bli presentert i rapportserien til miljøvernavdelinga med jamne mellomrom. I tillegg vil resultata frå kadaverundersøkingane bli presenterte for DN, viltnemndene og bufeeigarar/reineigarar og landbrukskontor som brev i kvart einskild tilfelle.

Om det blir aktuelt i framtida kan DN samanhalde resultata frå Møre og Romsdal med resultat som kjem inn frå resten av landet. På bakgrunn av dette kan vurderingar av bestand og utbreiing bli presentert for større regionar eller for heile landet.

2.6 Materiale

I perioden 1987-89 er det kome inn 60 meldingar om jerv, 29 meldingar om bjørn og 20 meldingar om gaupe i Møre og Romsdal. Tabell 2.1 gir ein oversikt over meldingar som er kome inn. Meldingane har kome gjennom kontaktnettet, viltnemndene, personar som har teke direkte kontakt med fylkesmannen osv. I tillegg har det blitt samla opplysningar gjennom pressa, der vi m.a. har abonnement hos Norske Argus A/S. Det siste har gitt få nye meldingar.

Tabell 2.1 Registrerte rovdyrmeldingar i Møre og Romsdal 1987-89 fordelt på år, art og vurdering.

År	Art	Vurdering av rovdyrmelding					Sum
		Godteke	Sannsynleg	Uoppklara	Forkasta	Feil	
87	Jerv	11	5	1			17
	Bjørn			2	3	5	10
	Gaupe	1		1	1		3
	Totalt	12	5	4	4	5	30
88	Jerv	18		1			19
	Bjørn			6		4	10
	Gaupe	8	1	1			10
	Totalt	26	1	8		4	39
89	Jerv	13	1	9		1	24
	Bjørn			8		1	9
	Gaupe	2	1	2		2	7
	Totalt	15	2	19		3	40
	Totalt 87-89	53	8	31	4	13	109

I perioden 1987-89 er det undersøkt 76 kadaver fordelt på 5 artar, der sau er den dominerende arten med 85,5% av kadavermaterialet. Tabell 2.2 gir ei oversikt over kadaver som er undersøkte fordelt på år og art.

Tabell 2.2 Undersøkte kadaver i perioden 1987-89 fordelt på år og art.

År	Kadaverart					Sum
	Sau	Geit	Storfe	Rein	Rådyr	
1987	23	5	3		1	32
1988	15					15
1989	27			1	1	29
87-89	65	5	3	1	2	76

3. RESULTAT OG DISKUSJON

3.1 Jerv i Møre og Romsdal

3.1.1 Registrert aktivitet av jerv

I perioden er det registrert i alt 60 meldingar om jerv der 42 meldingar blir vurdert som godtekne, 6 meldingar som sannsynlege, 11 meldingar som uopklara og ei melding som feil. Her er sporingane som blei gjennomførte vinteren 1989 (sjå Landa og Skogland 1989) haldne utanfor. Vedlegg 5.1 er ei oversikt over kvar enkelt melding.

Det blei registrert godtekne, sannsynlege og uopklara meldingar i 7 kommunar av 38 i fylket. Tabell 3.1 gir ei oversikt over dei registrerte jervemeldingane. Nær alle godtekne, sannsynlege og uopklara jervemeldingar ligg innafør Dovre/Rondane jerveforvaltingsområde. Figurane 3.1, 3.2 og 3.3 er geografisk plassering over godtekne, sannsynlege og uopklara jervemeldingar i perioden 1987-89.

Tabell 3.1 Registrerte jervemeldingar 1987-89 fordelt på år, kommune og vurdering.

År	Kommune	Vurdering av melding					Sum
		Godteke	Sannsynleg	Uopklara	For-kasta	Feil	
87	Rauma	6	5	1			12
	Neset	1					1
	Sunndal	4					4
	Møre og Romsdal	11	5	1			17
88	Norrdal	1					1
	Rauma	7		1			8
	Neset	1					1
	Sunndal	8					8
	Surnadal	1					1
Møre og Romsdal	18		1			19	
89	Ørsta					1	1
	Neset	2	1				3
	Sunndal	8		3			11
	Surnadal	2		2			4
	Rindal	1		2			3
	Aure			2			2
Møre og Romsdal	13	1	9		1	24	
Møre og Romsdal i perioden 1987-89		42	6	11		1	60

714 600
530 000

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000


TEGNFORKLARING

Vurderingsstatus

- Godteke melding
- Sannsynleg melding
- ◐ Uoppklara melding

Observasjonsstatus

- Spor/hår/ekskrement
- Synsobservasjon
- ▲ Andre obs. typer
- ◆ Byttedyr



FIGUR 3.1
GODTEKNE, SANNSYMLEGE
OG UOPPKLARA JERVE-
MELDINGAR 1987



Lagene av Store Rovdyr
Fylkesnemnda i Møre og Romsdal

687 1000
304 000

7046900
530000

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000


TEGNFORKLARING

Vurderingsstatus

- Godteke melding
- ◐ Sannsynleg melding
- Uoppklara melding

Observasjonsstatus

- Spor/hår/ekskrement
- Synsobsevasjon
- ▲ Andre obs. tynpar
- ◆ Byttedyr



FIGUR 3.2
GODTEKNE, SANNSYMLEGE
OG UOPPKLARA JERVE-
MELDINGAR 1988

Utgave av Statens landbruk
Forsøksstasjon i Ålesund og Romsdal

697100
-04000

794 6900
530000

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000


TEGNFORKLARING

Vurderingsstatus

- Godteke melding
- ◐ Sannsynleg melding
- ◑ Uopklara melding

Observasjonsstatus

- Spor/hår/ekskrement
- Synsobsevasjon
- ▲ Andre obs.typar
- ◆ Byttedyr



FIGUR 3.3
GODTEKNE, SANNSYMLEGE
OG UOPKLARA JERVE-
MELDINGAR 1989



697,1000
304000

3.1.2 Vurdering av jervebestanden

Møre og Romsdal høyrer til i den Sør-Skandinaviske jerveregionen med dei to jerveområda Dovre-Trollheimen og Jotunheimen. Region- og områdeinndeling er drøfta og definerte av Kvam et al. (1984). I den seinare tid har nye namn og nye områdeinndelingar blitt teke i bruk og det har oppstått regelrett namneforvirring. Det gjeld spesielt bruken av namn på Dovre-Trollheimenområdet som seinare har blitt kalla Snøhettaområdet (namnsett etter villreinstamma i området) og Dovre/Rondaneområdet (namn på jerveforvaltingsområdet).

Jaktstatistikk viser at det er betalt ut skotpremie på 0,7 jerv i gjennomsnitt pr. år i perioden 1846-99. På 1900-talet er det betalt ut skotpremie på 13 dyr, og den siste blei felt i 1955 (Statistisk Sentralbyrå 1978-89). Sjå og figur 3.8. Etter at jerven blei totalfreda er det med jamne mellomrom søkt om fellingsløyve av jerv. Det har ved fleire høve blitt innvilga med særskilte vilkår. Det blei felt ein jerv i Grøvdalen i Sunndal hausten 1980 og ein jerv på Svarthaugen i Sunndal vinteren 1986. I tillegg er det funne ein død jerv i Grøvdalen i Sunndal 1984 (Kvam pers. medd.). Ut frå talmaterialet tyder dette på at jerven ikkje var så talrik som dei andre store rovpattedyra i det førre århundre.

F.o.m. 1989 blei det oppretta eit eige forvaltingsområde for jerv (sjå kap 2.3). Det omfattar kjerneområda for Dovre-Trollheimen og og ytterkantane i Jotunheimen (forvaltingsområdet følgjer kommunegrensar, medan jerveområda er delt opp etter vegar o.l.) og blir i dag kalla Dovre/Rondane-jervregionen. Landa og Skogland (1989) deler området i to når dei vurderer bestanden av jerv med eit kjerneområdet som blir kalla Snøhetta og dei omkringliggjande områda (området er ein del av fylka Oppland, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal). Dei omkringliggjande områda er Trollheimen, Knutshø, Rondane og Ottadalen. Her blir namnsettinga til Landa og Skogland (1989) nytta og nedanfor blir deira konklusjonar frå undersøkingane presentert.

Snøhetta: Det blei spora 5 dagar i Snøhettaområdet i byrjinga av april 1989. Undersøkinga konkluderar med at det blei funne spor av minimum 9 forskjellige individ som var eitt år eller eldre, med eit mogleg tal på 12 dyr. Det blei sannsynleg produsert 6 unger i 3 ulike hi. I Møre og Romsdal var størst aktivitet av jerv i Grøvdalen, Reppdalen, Lindalen og områda omkring i Sunndal kommune. Sidan overvakinga starta i 1979 er det ikkje mogleg å fastslå om det har vore ei endring av jervebestanden i området.

Trollheimen, Knutshø, Rondane og Ottadalen: Det blei spora 4 dagar i Trollheimen, Knutshø, Rondane og Ottadalen i byrjinga av april 1989. Det resulterte i at det blei funne spor av minimum 4 individ som var eitt år eller eldre.

3.2 Bjørn i Møre og Romsdal

3.2.1 Registrerte bjørnemeldingar

I perioden 1987-89 er det registrert 29 meldingar om bjørn der ingen meldingar blir vurderte som godteke, ei melding som sannsynleg, 15 som uopklara, 3 meldingar som forkasta og 10 meldingar som feil. Vedlegg 5.2 viser ei oversikt over kvar enkelt melding.

Det er registrert ei sannsynleg og 15 uopklara bjørnemeldingar i 5 av 38 kommunar i fylket perioden 1987-89. Tabell 3.4 gir ei oversikt over registrerte bjørnemeldingar. Figur 3.4 gir ei geografisk oversikt over dei sannsynlege og uopklara bjørnemeldingane som er samla inn perioden 1987 - 89.

Tabell 3.4 Registrerte bjørnemeldingar i 1987-89 fordelt på år, kommune og vurdering.

År	Kommune	Vurdering av melding					Sum
		Godteke	Sannsynleg	Uopklara	Forkasta	Feil	
87	Ørsta					2	2
	Stordal				1		1
	Sykkylven			2			2
	Sunddal					1	1
	Surnadal					2	2
	Rindal				2		2
	Møre og Romsdal			2	3	5	10
88	Sykkylven					1	1
	Rauma					1	1
	Tingvoll			4			4
	Surnadal					1	1
	Rindal					1	1
	Aure		1				1
	Halsa			1			1
Møre og Romsdal		1	5		4	10	
89	Norddal			2			2
	Sykkylven					1	1
	Aure			3			3
	Halsa			3			3
	Møre og Romsdal			8		1	9
Møre og Romsdal i perioden 1987-89			1	15	3	10	29

7045000
530000

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000


TEGNFORKLARING

Vurderingsstatus

- Godteke melding
- ◐ Sannsynleg melding
- ◑ Uoppklara melding

Observasjonsstatus

- Spor/hår/ekskrement
- Synsobservasjon
- ▲ Andre obs. typer
- ◆ Byttedyr



FIGUR 3.4
GODTEKNE, SANNSYNLEGE
OG UOPPKLARA BJØRNE-
MELDINGAR 1987 - 89



6871000
304000

3.2.2 Vurdering av bjørnebestanden

Møre og Romsdal høyrer til i den Sør-Skandinaviske bjørneregionen med dei to bjørneområda Nordmøre/Orkdal og Romsdal. Region- og områdeinndeling er drøfta og definerte av Kolstad et al. (1984) og Overskaug et al. (1986). I den seinare tid er det radiomerkt bjørn som viser at den flytter meir på seg enn det ein trudde tidlegare (sjå m.a. Bjärvall 1989). Dette vil føre til ei revurdering av region- og områdeinndeling og tidlegare tal av bestanden(e) .

Jaktstatistikk viser at det blei betalt ut skotpremie på 12,3 bjørn i gjennomsnitt pr. år i perioden 1846-99. Det blei betalt ut skotpremie på 65 dyr på 1900-talet med den siste i 1924. Talmaterialet viser at bjørnen truleg var den mest talrike av dei store rovpattedyra her i fylket i det førre århundre (Statistisk Sentralbyrå 1978-89). Sjå og figur 3.8.

Utviklinga av bjørnebestanden på Nordmøre er drøfta av Kvam et al. (1983) gjennom rovviltprosjektet. Det har blitt vurdert 60 bjørnemeldingar i tida 1924-82, og det har vore ein stor auke i meldingane mot slutten av nemnde periode. Det blir konkludert med at minimum 4 bjørnar hadde tilhald på Nordmøre i 1979/80.

På grunnlag av ei sannsynleg og 16 uopplara meldingar blir bestanden vurdert til å vere for Romsdalsområdet minimum 0 i 1987, minimum 0 i 1988 og minimum 0 i 1989. For Nordmøre/Orkdalsområdet blir bestanden vurdert til å vere minimum 0 i 1987, minimum 0-1 i 1988 og minimum 0 i 1989. I tabell 3.5 nedanfor er meldingane sett opp kommunevis med vurdering av bestanden.

Tabell 3.5 Vurdering av bjørnebestanden i Møre og Romsdal fordelt på år, bjørneområde, vurdering og kommune

År	Bjørneområde	Tal meldingar, vurdering og kommune	Tal bjørnar
1987	Romsdalsområdet :	2 uopplara Sykkylven	0
		Sum Møre og Romsdal	0
1988	Nordmøre/Orkdalsområdet:	4 uopplara Tingvoll ¹	0
		1 sannsynleg Aure	0-1
		1 uopplara Halså	
		Sum Møre og Romsdal	0-1
1989	Romsdalsområdet :	2 uopplara Norddal ²	0
		3 uopplara Aure	0
	Nordmøre/Orkdalsområdet:	3 uopplara Halså	0
		Sum Møre og Romsdal	0

1 = Ei melding gjeld observasjon av 2 dyr.

2 = Ei melding gjeld observasjon av 4 dyr.

3.3 Gaupe i Møre og Romsdal

3.3.1 Registrert aktivitet av gaupe

I perioden 1987-89 er det registrert 20 meldingar om gaupe der 11 meldingar blir vurderte som godtekne, 2 meldingar som sannsynlege, 4 som uopklara og ei melding som forkasta. Vedlegg 5.3 viser ei oversikt over kvar enkelt melding.

Det blei registrert godtekne, sannsynlege og uopklara meldingar i 5 av 38 kommunar i fylket. Tabell 3.2 gir ei oversikt over registrerte gaupemeldingar. Figurane 3.5, 3.6 og 3.7 gir ei geografisk oversikt over godtekne, sannsynlege og uopklara meldingar.

Tabell 3.2 Registrerte gaupemeldingar 1987-89 fordelt på år, kommune og vurdering.


År	Kommune	Vurdering av melding					Sum
		Godteke	Sannsynleg	Uopklara	Forkasta	Feil	
87	Sykkylven			1			1
	Gjemnes				1		1
	Halsa	1					1
	Møre og Romsdal	1		1	1		3
88	Sykkylven	4					4
	Rauma		1				1
	Halsa	4		1			5
	Møre og Romsdal	8	1	1			10
89	Sykkylven	1		2			3
	Rauma	1				1	2
	Neset					1	1
	Aure		1				1
	Møre og Romsdal	2	1	2		2	7
Møre og Romsdal i perioden 1987-89		11	2	4	1	2	20

3.3.2 Vurdering av gaupebestanden

Då ulv, jerv og bjørn blei freda i 1973, var gaupe den einaste av dei store rovpattedyra som ikkje blei totalfreda. Av den grunn har ikkje gaupa vore objekt for så omfattande undersøkingar og drøftingar som dei tre totalfreda artane som har vore undersøkt i rovviltprosjektet.

Jaktstatistikk viser at det blei betalt ut 6,9 skotpremiar i gjennomsnitt pr. år på gaupe i perioden 1846-99 med stor reduksjon mot slutten av århundret. På 1900-talet er det berre betalt ut skotpremie på 10 gauper, og 5 av dei blei skotne i 60-åra, med den siste i 1965

7046x0
530000



8971/800
304/800

7046000
530000

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000


TEGNFORKLARING

Vurderingsstatus

- Godteke melding
- Sannsynleg melding
- ◐ Uopklara melding

Observasjonsstatus

- Spor/hår/ekskrement
- Synsobsevasjon
- ▲ Andre obs. typar
- ◆ Byttedyr



FIGUR 3.6
GODTEKNE, SANNSYNLEGE
OG UOPKLARA GAUPE-
MELDINGAR 1988

Statens viltvesen
Fylkeskontor i Møre og Romsdal

8071000
304000

7046 000
530 000

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000


TEGNFORKLARING

Vurderingsstatus

- Godteke melding
- Sannsynleg melding
- ◐ Uoppklara melding

Observasjonsstatus

- Spor/hår/ekskrement
- Synsobservasjon
- ▲ Andre obs.typar
- ◆ Byttedyr



FIGUR 3.7
GODEKNE, SANNSYNLEGE
OG UOPPKLARA GAUPE-
MELDINGAR 1989

Utløst av Statens Viltvesen
Fylkesmann i Møre og Romsdal

6871000
304000

(Statistisk Sentralbyrå 1978-89). Fordeling av kjønn mellom gaupene som blei skotne i 60-åra, var 3 hannar og 2 hoer. 4 dyr blei skotne i Sunndal og 1 dyr blei skoten i Surnadal (Myrberget 1970). Sjå og figur 3.8.

Myrberget (1970) og Heggberget og Myrberget (1980) diskuterer bestand og endringar i bestanden hos gaupe, der skotpremiestatistikk og meldingar frå viltneemdene blir lagt til grunn. Det blir konkludert med at det har vore ein auke i gaupebestanden i perioden 1949-77. Det blei konkludert med at det var gaupe i det meste av året berre i dei nordlegaste og indre kommunar på Nordmøre i slutten av nemnde periode. Elles er det rapportert om streifdyr i dei fleste kommunane i innlandet. Det var ikkje registrert gaupe i dei fleste kommunane på Sunnmøre og i ytre kyststrok.

På grunnlag av 11 godtekne, 2 sannsynlege og 4 uopplara meldingar 1987-89 blir bestanden vurdert til å vere minimum 1-1 dyr i 1987, minimum 4-5 dyr i 1988 og minimum 2-3 dyr i 1989. I tabell 3.3 nedanfor er meldingane sette opp kommunevis med vurdering av bestanden.

Tabell 3.3 Vurdering av gaupebestanden i Møre og Romsdal, fordelt på år, vurdering og kommune

År	Tal meldingar, vurdering og kommune	Tal gauper
1987	1 uopplara Sykkylven	0
	1 godteke Halså	1-1
	Sum Møre og Romsdal	1-1
1988	4 godtekne Sykkylven	3-3 ¹
	4 godtekne og 1 uopplara Halså	1-1
	1 sannsynleg Rauma	0-1
	Sum Møre og Romsdal	4-5
1989	1 godteke og 2 uopplara Sykkylven	1-1
	1 sannsynleg Aure	0-1
	1 godteke Rauma	1-1
	Sum Møre og Romsdal	2-3

1 = To meldingar gjeld observasjon av hodyr og ungdyr. Ved bestandsvurdering reknar ein med eit handyr i tillegg.

Kvam og Skagen (1990) skriv at gaupestammen er i ei positiv utvikling (dvs. at den aukar) som heilskap for Noreg på grunnlag av alderssamansetting av innsamla gaupe-skrottar i perioden 1960-88. På grunnlag av dei data som ligg føre om gaupe dei seinare åra i Møre og Romsdal, er det uråd å seie noko om utviklinga av bestanden her.

Resultata frå skotpremiestatistikk og observasjonar viser at gaupa framleis er eit relativt sjeldan dyr i Møre og Romsdal som elles på Vestlandet. Møre og Romsdal ligg på grensa av utbreiinga til gaupa,

iallefall når det gjeld stabile bestander. Ubreiingsgrensa i Møre og Romsdal er eit menneskeskapt fenomen då gaupa var vanlegare før. Det gjeld og nabofylket i sør. Det er mogleg at det er ein liten fast bestand i Sykkylven og mogleg ein liten fast bestand på Nordmøre med Halså som eit tyngdepunkt med flest observervasjonar. Ein eventuell bestand på Nordmøre må sjåast i samanheng med område i Sør-Trøndelag som grenser til Nordmøre.

Sidan det er jakttid på gaupe, blir den utsett for eit visst jaktpress, sjølv om den siste gaupa blei skoten i 1965. Jakttida er i seinare tid redusert til 2 månader i året (01.02-01.04). I dag samarbeider 8 kommunar i Sør-Trøndelag og Nordmøre om skotpremie på gaupe. Premien har i seinare tid vore kr 3.200,- i kommunal skotpremie (i tillegg kjem eventuelt andre premiar; m.a. får jegeren kr 1.000,- for å sende inn skrotten til NINA) pr. gaupe som er felt i ein av desse kommunane. På Nordmøre er Sunndal, Surnadal og Rindal kommunar med på denne ordninga. Denne ordninga er nok og med på å auke jaktpresset på gaupe.

3.4 Ulv i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal høyrer til i den Skandinaviske ulveregionen og er ein del av det Vestnorske ulveområde. Region- og områdeinndeling er drøfta og definert av Sørensen et al. (1986).


Jaktstatistikk viser at dei blei betalt ut skotpremie på 2,7 ulvar i gjennomsnitt pr. år i perioden 1846-99, med ein kraftig nedgang allereie på slutten av 1850-åra. Det er berre registrert ein skoten ulv i dette århundre og det var i 1905 (Statistisk Sentralbyrå 1978-89). Sjå og figur 3.8.

Rovviltprosjektet har gått igjennom og vurdert eldre materiale (Sørensen et al. 1986) og konkluderar med 3 sannsynlege meldingar og 12 uoppklara meldingar i perioden 1948-84. Dei sannsynlege meldingane er ein frå Rauma kommune i 1956 og to frå Nesset kommune i 1957. Den siste uoppklara meldinga er frå Rindal i 1979, sjå Sørensen et al. (1985). Det ikkje registrert godtekne, sannsynlege eller uoppklara meldingar av ulv i Møre og Romsdal i 1980-åra, medan 3 meldingar er vurdert som feil eller forkasta. Bestanden av ulv har i perioden 1948-84 ikkje blitt vurdert til meir enn 0-2 dyr i det Vestnorske ulveområdet. Slik situasjonen har vore i 80-åra, må ein rekna med at det ikkje finst ulv att i Møre og Romsdal. Det vil vere svært sjeldan at det blir observert streifdyr slik situasjonen er i dag.

3.5 Generelt om bestandane av jerv, bjørn, gaupe og ulv

Som tidlegare nemnt har alle store rovdyr hatt ein stor reduksjon i bestandene det siste århundret. Årsakene til dette må først og fremst vere menneska si jakt på rovviltet. Konfliktane med småfeneringa var store, og jakt på rovvilt blei sett på som nyttige tiltak. På midten av det førre århundret blei det innført skotpremie på ei rekke artar som blei sett på som konkurrentar i høve til næringsverksemda til menneska.

På 1900-talet har det oppstått andre faktorar som har redusert bestandane av rovpattedyr ytterlegare. Egna arealer til næringsøk og



Figur 3.8

Utbetaling av skotpremie / registrering av felt rovvilt i Møre og Romsdal 1846 - 1989

Tala i figuren gjeld gjennomsnitt pr. år i tiåret

yngleområde har blitt bruka til føremål som gjer dei ueigna eller mindre eigna til dette. Dette er føremål som kraftutbygging, kraftliner, vegar, hyttefelt osv.

3.6 Generelt om rovviltmeldingar

Det er sannsynleg at det er personar som har opplysningar som ikkje har blitt melde til viltneemd eller miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen. Det kan ha forskjellige årsaker, m.a. at det ikkje er kjent at desse instansane er interesserte i slike opplysningar. Det vil kvart år bli tilfeldige variasjonar i meldingsmateriale m.a. pga. variasjonar i tilhøve for oppdaging av dyr og/eller sporteikn og folk sin vilje til å gje melding om observasjonar. Det er derfor truleg at vurderingane av dei ulike bestandene hadde vore noko høgare om alle observasjonar hadde blitt melde i frå om.

Fleire av dei innkomne meldingane har ikkje blitt vurdert som så sikre at dei kan få status som godtekne. Synsobservasjonar på lang avstand med mangelfulle skildringar og/eller kort observasjonstid blir vurdert som uopklara. Sporteiknobservasjonar med mangelfulle skildringar og uten dokumentasjon (t.d. foto, teikningar og målingar i felt) blir vurdert som uopklara. Lydobservasjonar utan lydopptak er uråd å etterprøve slik at ingen lydobservasjonar som blir innmeldt som rovviltmelding (gjeld først og fremst bjørn), blir vurdert som sikre eller sannsynlege. Det same gjeld for observasjon av skremte bufe om det ikkje er andre observasjonar i tillegg. Når ein ser bort frå kadaverundersøkingane, er det berre ved nokre få tilfelle at det er gjort bilettdokumentasjon ved observasjon(e). Generelt får ikkje meldingar som ikkje er etterprøvbare, status som godtekne med unntak av gode synsobservasjonar.

3.7 Tap av bufe på beite i Møre og Romsdal

Kvart år blir det meldt om tap av fleire tusen bufe på beite, og det gjeld spesielt bufe som beiter i utmark og utan tilsyn store delar av beitesesongen. Dei aktuelle er sau og geit. Då det er 9-10 gonger så mykje sau som geit på utmarksbeite, er det sauehaldet som i tal lir dei største tapa. På denne bakgrunn er det rimeleg at det er mellom sau og rovvilt at ein finn dei største konfliktane. Vi ser derfor nærare på tilhøva mellom rovvilt og/eller rovviltskade og tap av sau på beite, sjølv om enkelte geitebønder har hatt rovviltskade. Tilhøva mellom ikkje nemnde bufe og rovvilt har ikkje blitt rekna for å vere noko stort problem i seinare tid.

Det er gjort få undersøkingar på tap om kva som er årsaka til til tap av sau/lam på beite. Her i fylket er det gjort 3 undersøkingar, og alle er utført i første halvdel av 80-åra. Det er gjort 2 undersøkingar på Nordmøre, Brødrerud et al. (1982) i Halså og Surnadal, og Abrahamsen (1985) i Halså. Landa et al. (1983) har gjort undersøkingar i Eikesdalen, Nesset kommune. På dette området er det gjort få undersøkingar og dei som er gjorde har lite materiale å bygge på, slik at det er uråd å kome med klare og eintydige konklusjonar. I tabell 3.6 blir undersøkingane i tal presenterte.

Tabell 3.6 Kadaverundersøkingar av sau i tre undersøkingsområde med dødsårsak

Undersøkingsområde	Dødsårsak av undersøkte kadaver i %							Tal undersøkte kadaver
	Uoppklara	Alv-eld	Jerv/sannsynleg jerv	Anna rovdyr	Sjukdom/parasittar	Anna	Sum	
Halsa/Surnadal ¹	46	29		8	10	6	99	48
Valsøybotn i Halsa	42	42		8	4	4	100	52
Eikesdalen i Nesset ²	35		61 ³		4		100	23

1 = I tillegg er ein hjort (uoppklara), eitt rådyr (uoppklara), ein elg (fibro papillomatose) og ei ku (fall kraniebrudd) undersøkt med omsyn til dødsårsak.

2 = I tillegg er 1 elg (uoppklara), 1 hjort (truleg sjukdom) og 1 rein (sannsynleg jerv) undersøkt med omsyn til dødsårsak.

3 = Der 18% av det totale materialet er vurdert som sikker jervedrepe.

Årleg blir 140.000 - 150.000 sau og lam sleppte på beite i Møre og Romsdal. Kvart år er det mellom 8500 og 9000 sau og lam som ikkje kjem tilbake. Av dette tapet er det berre nokre få sau og lam som blir undersøkte med omsyn til dødsårsak. Det kjem av at daude dyr er vanskelege å finne og forsvinn fort etter at dei har døydd. Dessutan brukar sjuke og skadde dyr å gøyme seg bort. Kadaver av dyr der det ikkje er mistanke om rovviltskade, blir ikkje meld i frå om.

Av tabellane 3.7, 3.9 og 3.11 ser ein at det er små skilnader i tap av sau og lam mellom kommunar kor saueigarar krev erstatning pga. freda rovvilt, og i kommunar kor saueigarane ikkje har dei krava. Det same gjeld og skilnadene mellom kommunane som er med i Dovre/Rondane jerveforvaltinsområde og dei øvrige kommunane (sjå vedlegg 5.4 - 5.6). Av tabellane 3.8 og 3.10 ser ein at saueigarar som deltek i organisert beitebruk (har m.a. sankelag) har mykje mindre tap av sau og lam enn dei som ikkje er med på ordninga med organisert beitebruk. Ein skal vere oppmerksom på at talmaterialet seier ikkje noko om kvar enkelt buskap eller sankelag, som kan ha store avvik i begge retningar frå gjennomsnitt i kommunen. Talmateriale er henta frå fylkeslandbrukskontoret (1988 og 1989) og upubliserte datautskrifter (Løfaldli pers. medd.) frå fylkeslandbrukskontoret. Sjå og vedlegg 5.4 - 5.6.

Tabell 3.7 Tap av sau og lam på beite, krav om erstatning og utbetalte erstatningar på skade av sau og lam valda av freda rovvilt 1987

Kommunar m/ skadekrav på bufe drepe av freda rovvilt	Sleppete dyr tal		Tapte dyr tal		Tapte dyr %		Tal Krav ¹		Tal erstat- ningar ²	
	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam
Molde	1267	1632	35	158	2,8	9,7	1			1
Sykkylven	2203	2875	59	230	2,7	8,0				3
Rauma	5396	7481	132	499	2,4	6,7	11	38	13	30
Neset	3194	4451	96	557	3,0	12,5	19	72	14	62
Sunnadal	3177	4692	78	317	2,5	6,8	5	31	4	14
Surnadal	4482	7007	97	741	2,2	10,6		62		18
Aure	700	938	23	133	3,3	14,2	3	8		2
Halsa	2221	3168	62	567	2,8	17,9	1	15		15
Sum kommunar m/skadekrav	22640	32244	582	3202	2,6	9,9	40	226	31	145
Sum kommunar u/skadekrav	39253	53755	1081	4087	2,8	7,6				
Totalt	61893	85999	1663	7289	2,7	8,5	40	226	31	145

Tapa er registrert i del kommunar der bufeiegaren bur og ikkje i den kommunen der dyret er tapt. 1 = Krav om erstatning på sau og lam drepe av freda rovvilt. 2 = Sau og lam det er gitt erstatning for drepe av freda rovvilt.

Tabell 3.8 Tap av sau og lam på beite 1987, sortert etter om dyre-eigarar er med i organisert beitebruk eller ikkje.

	Sleppete dyr tal		Tapte dyr tal		Tapte dyr %	
	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam
Organisert beitebruk med m.a. sankelag	48763	70067	989	5095	2,0	7,3
Ikkje organisert beite- bruk (ikkje sankelag)	13130	15932	674	2194	5,1	13,8
Totalt	61893	85999	1663	7289	2,7	8,5

Tabell 3.9 Tap av sau og lam på beite, krav om erstatning og utbetalte erstatningar på skade av sau og lam valda av freda rovvilt 1988

Kommunar m/ skadekrav på bufe drepe av freda rovvilt	Sleppte dyr tal		Tapte dyr tal		Tapte dyr %		Tal Krav ¹		Tal erstat- ningar ²	
	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam
Ulstein	823	921	25	82	3,0	8,9		1		1
Rauma	5249	7684	136	551	2,6	7,2	5	20	3	16
Neset	3064	4577	95	489	3,1	10,7	17	98	13	71
Sunnadal	3101	4832	90	292	2,9	6,0	7	55	7	30
Surnadal	4222	6754	97	497	2,3	7,4	1	25		7
Rindal	2135	3594	27	208	1,3	5,8		3		2
Halsa	2259	3092	65	420	2,9	13,6	1	22		12
Sum kommunar m/skadekrav	20853	31454	535	2539	2,6	8,1	31	224	23	139
Sum kommunar u/skadekrav	39555	55305	1247	4240	3,2	7,7				
Totalt	60408	86759	1782	6779	2,9	7,8	31	224	23	139

Tapar er registrert i dei kommunar der bufeeigaren bur og ikkje i den kommunen der dyret er tapt. 1 = Krav om erstatning på sau og lam drepe av freda rovvilt. 2 = Sau og lam det er gitt erstatning for drepe av freda rovvilt.

Tabell 3.10 Tap av sau og lam på beite 1988, sortert etter om dyreeigarar er med i organisert beitebruk eller ikkje.

	Sleppte dyr tal		Tapte dyr tal		Tapte dyr %	
	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam
Organisert beitebruk med m.a. sankelag	48761	72159	1051	4585	2,2	6,4
Ikkje organisert beite- bruk (ikkje sankelag)	11647	14600	731	2194	6,3	15,0
Totalt	60408	86759	1782	6779	2,9	7,8

Tabell 3.11 Tap av sau og lam på beite, krav om erstatning og utbetalte erstatningar på skade av sau og lam valda av freda rovvilt 1989

Kommunar m/ skadekrav på bufe dre- pe av freda rovvilt	Slepte dyr tal		Tapte dyr tal		Tapte dyr %		Tal Krav ¹		Tal erstat- ningar ²	
	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam
Sykkylven	2180	2821	54	199	2,5	7,1		6		2
Rauma	5203	7438	145	513	2,8	6,9	1	19	1	12
Neset	3169	4466	111	518	3,5	11,6	27	112	25	109
Sunnadal	2947	4564	84	323	2,9	7,1	20	84	13	78
Surnadal	3996	6502	104	558	2,6	8,6	12	96	8	69
Rindal	2042	3455	42	214	2,1	6,2		8		8
Aure	574	788	25	111	4,4	14,1		21		6
Halsa	2273	3223	69	491	3,0	15,2	2	21		16
Sum kommunar m/skadekrav	22384	33257	634	2927	2,8	8,8	61	377	48	299
Sum kommunar u/skadekrav	37628	50958	1200	4085	3,2	8,0				
Totalt	60012	84215	1834	7012	3,1	8,3	61	377	48	299

Tapa er registrert i dei kommunar der bufeeigaren bur og ikkje i den kommunen der dyret er tapt. 1 = Krav om erstatning på sau og lam drepe av freda rovvilt. 2 = Sau og lam det er gitt erstatning for drepe av freda rovvilt.

3.8 Kadaverundersøkingar

Perioden 1987-89 blei det undersøkt 76 kadaver eller skadd bufe med omsyn til dødsårsak. Då er det i hovudsak undersøkt kadaver som miljøvernavingdelinga har fått melding om gjeld rovviltsskade eller mistanke om rovviltsskade. Av desse blei det konkludert med at 36 var drepe/sannsynleg drepe av freda rovvilt, der 13 av desse var kongeørn /sannsynleg kongeørn og 23 av jerv/sannsynleg jerv. Det relativt høge talet på kongeørnsskade er noko misvisande då 3 av skadane er gjort av same kongeørn våren 1987 (ca. 23% av kongeørnsskadane, sjå vedlegg 5.7). Tal på skadar er noko færre enn det som blei meldt som skade årsaka av freda rovvilt, og mykje mindre enn det det er kravd erstatning for. Tabellane 3.12 - 3.14 viser ei oversikt over undersøkte kadaver, skademeldingar og skadeårsak. Vedlegg 5.7 - 5.9 gir meir detaljert oversikt over kadaverundersøkingane, og vedlegg 5.10 - 5.12 gir oversikt over kravd erstatning og gitt erstatning for bufe drepe av freda rovvilt.

Av undersøkte kadaver er 17 uopklara og det viser seg at dei kadavera som har lege lengst eller kadaver som det er berre restane att av er vanskelegast å finne dødsårsak på. Det hender at ein finn ut døds-

Årsaka sjølv om kadaveret er gammalt eller det er berre restane igjen. I desse tilfella er det i eller på bein- og knokkelrestar ein har størst sjanse å finne spor som kan forklare eller gje mistanke om dødsårsak. Det er sjølsagt at i slike høve fell mange moglege dødsårsaker bort, og ein må som oftast konkludere med at dødsårsaka er uopplara.

I underkapitla 3.8.1 - 3.8.4 blir dei mest typiske drepe- og etemønster hos rovpattedyr og ein rovfugl som er aktuelle her i fylket kort drøfta. Drøftinga bygger på både litteraturkjelder og erfaringar som personell ved miljøvernavdelinga har opparbeid. Ein vil presisere at det ikkje finst ei endeleg skildring av drepe- og etemønster av dei forskjellige rovdyra som blir drøfta her. For meir utfyllande drøfting av drepe- og etemønster hos rovpattedyra og andre spor og sporteikn viser ein til Viltrapport 15 (Myrberget og Sørensen red. 1981). For drepe- og etemønster hos kongeørn viser ein til m.a. Bergo (1986), Folkestad (1986a og 1986b) og Knutsen et al. (1988). Interessante er og undersøkingar utført av Elgmork og Tjørve (1986) med filmovervakning av 24 sauekadaver og 3 rådyrkadaver som utlagt åte der åtselhandtering av åtseletarar blei studert og i tillegg 2 sauekadaver og 1 rådyrkadaver i to innhegningar med bjørn. Det blei teke over 218.000 bilete under undersøkingane.

Kombinasjonar av to eller fleire årsaker til at bufe dør på utmarksbeite synes å vere lite drøfta i litteratur. Men dette er nok meir vanleg enn det ein får inntrykk av. Det kan vere kombinasjonar av sjukdomar, skade og rovdyr/kråkefugl. Lamma er avhengig av at mora er i godt hold. Får ho t.d. jurbetennelse, er det ofte negativt for lamma si utvikling osb.

Generelt kan ein seie at rovdyr tek skadde, avkrefta dyr eller dyr som er i ein sårbar fase av livet som nyfødde, ungdyr og gamle dyr (dette gjeld i størst grad for relativt store byttedyr).

Tabell 3.12 Skademelding og skadevaldar/dødsårsak for undersøkte kadaver 1987.

Skadevaldar/anna dødsårsak	Skademeldingar 1987							Sum
	Bjørn	Jerv	Gaupe	Ørn	Rovdyr	Rev	Anna	
Bjørn								
Jerv		9						9
Gaupe								
Kongeørn	1			6 ¹				7
Rovdyr								
Raudrev								
Hundedyr								
Sjuk/avmag	2			1				3
Slagskade					1 ²			1
Ryggvelt								
Anna	2 ³			1				3
Uoppklara	1 ⁴		1 ⁵	4	1		2	9
Totalt	6	9	1	12	2		2	32

